



Gunn Haugsdal Asheim
Haugsværlia 23
5983 Haugsvær

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/645 - 23/6204

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
27.06.2023

Melding om retting av manglar i matrikkelen gbnr 57/1, 57/3 og 57/4 Haugsdalssetra

Matrikkelen er Noregs offisielle eigedomsregister og inneheldt informasjon om eigedomar, bygningar og adresser. Kartverket sender regelmessig rapportar frå matrikkelen med feil/manglar til kommunane. Det er registrert tre seterhus på Haugsdalssetra som manglar adresse og tilknytning til eigedom.

Haugsdalssetra ligg i eit område som manglar matrikkelnummer, det vil sei at området er registrert med matrikkelnummer 0/0. For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, kan vi registrere ein *fiktiv sirkeleigedom* rundt bygningane. Bygningane manglar også adresse. Grunnen til dette, er at det ikkje er mogeleg å opprette adresse i matrikkelen på ein eigedom som manglar matrikkelnummer.

Bygningane vart registrert i SEFRAK-registeret (register for faste kulturminne i Noreg) i 1978. Her går det fram kva eigedom kvart av seterhusa tilhøyrer.

For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, vert det registrert ein sirkeleigedom rundt kvart av seterhusa med bruksnummeret som går fram av SEFRAK-registeret. Dersom de ser at det er registrert feil eigedom på nausta, ber vi om tilbakemelding på dette slik at vi kan rette dette.

Tildeling av offisiell adresse er ein del av offentleg infrastruktur, der hovudføremålet er å gjera det lettast mogleg for ulike adressebrukarar å finna fram. Det går fram av adresseplanen at bygningane var tiltenkt adresse Indre Haugsdal 512, 514 og 516. Adressetildelinga vert no gjennomført i tråd med planlagt adressering.

Melding om retting og melding om tildeling av offisiell adresse for gbnr 57/1

Det vert oppretta ein *sirkeleigedom* rundt bygningen lengst nordaust med matrikkelnummer gbnr 57/1. Seterhuset tilhøyrande gbnr 57/1 får tildelt offisiell adresse Indre Haugsdal 512.


Melding om retting og melding om tildeling av offisiell adresse for gbnr 57/3

Det vert oppretta ein *sirkeleigedom* rundt bygningen lengst sørvest med matrikkelnummer gbnr 57/3. Seterhuset tilhøyrande gbnr 57/4 får tildelt offisiell adresse Indre Haugsdal 516.

Melding om retting og melding om tildeling av offisiell adresse for gbnr 57/4
Det vert oppretta ein *sirkeleigedom* rundt bygningen i midten med matrikkelnummer gbnr 57/4.
Seterhuset tilhøyrande gbnr 57/4 får tildelt offisiell adresse Indre Haugsdal 514.

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkelova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.



Kartutsnitt som viser området etter at matrikkelen/matrikkelkartet er retta

Dersom de ønskjer å få retta eigedomsgrensene og registrere riktig matrikkelnummer på eigedomen, kan de sende krav om retting til kommunen. De finn meir informasjon om dette på Masfjorden kommune sin heimeside her; <https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/bygg-og-eigedom/kart-og-oppmaling2/endre-bygningsopplysningar-i-matrikkelen/>

Ta kontakt med meg på telefon 90619603 dersom de har merknader eller informasjon til gjennomført retting/adressering.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Gunn Haugsdal Asheim
Ingeborg Berte Haugsdal
Ståle Daae

Haugsværlia 23
Indre Haugsdal 728
Indre Haugsdal 770

5983
5984
5984

Haugsvær
Matredal
Matredal